

Ein strålande grunnlovsdag

17.05.2009



Toget passerer bruha på veg mot Eikelandet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Grunnlovsdagen 2009 i Uskedalen vart ei strålande oppleving fordi vergudane baud på sommarvarm bris og strålande sol og fordi dei mange i komiteane hadde hatt ei lukkeleg hand med alt. Ikkje minst var den presisjon som prega arrangementet imponerande.**



Full fart på grusbana! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Alt gjekk på minuttet - også den dundrande treskotsalutten som Sigmund Myklebust utløyste langt oppe i dalen klokka sju. Korkje innover eller utover i fjorden var dei så presise!



Ronny Lakslev heldt tala for dagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I kyrkja hadde sokneprest Sven H. Nilsen teneste og minne om at vi har lova å bruke rett landet som Gud gav oss.

Dermed har Gud gjeve oss grenselaus tillit, men korleis har vi utnytta tilliten?

Som tradisjonen tilseier song Røysterett for alle i kyrkja. Denne Grunnlovsdagen hadde det populære koret to oppdrag i Uskedalen og eitt i Herøysund - med andre ord var dei ikkje innom Omvikdalen denne gongen. Men

songarane likar seg der, så kanskje kjem dei dit neste år?



Røysterett for alle og skulemusikken saman. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Programmet var stramma opp og forbetra på fleire punkt samanlikna med tidlegare år. Til dømes var det ein vellukka 'vri' at hovudtoget gjekk direkte etter høgtida ved bautasteinen Toget gjekk dette året etter riksvegen til krysset med Eikevegen før det snudde og tok same vegen attende. Dei som studerte toget grundig merka seg ellers at skulemusikken har vorte flinkare til å marsjere!

Sjølve bauta-markeringa var stramma opp og gjeve ein ny 'regi'.

Femteklassingane var med også denne gongen og bekransta monumentet, men denne gongen las dei ikkje prologen til Olaf Agnar Gausvik om uskedelingane som tok del i konflikten med Sverige i 1807/1814. Dei presenterte stoff med tilknytning til 17. mai og Bringedal ramma det heile inn.

Han kom mellom anna inn på korvitjinga frå Riga og fortalte at ein picnic ved Fjellandsbø var sjølve innetiaren under arrangementet.

- Vi har både ein natur og ein kultur som vi har arva å ta vare på. og det får vi best til ved å møte andre folk og folkeslag, sa Bringedal.

Servering og leiker på oppvekstsenteret og i Aktivitetshuset er ein svært sentral post på programmet og slik var det også i år. Men denne gongen gjekk det eit nytt tog - til Stemnepllassen - der 14-åringen Hallvard Lomheim Døssland leia festprogrammet som om han aldri skulle gjort nok anna!

Dette året var det Bjørgulg Eik sin tur til å leggja på kransen ved minnesteinen over dei falne i siste verdskrigene.

- Vi kan ikkje feire 17. mai utan å tenkje på dei tunge og vonde åra frå 1940 til 1945, sa han.

Tala for dagen var det Ronny Lakselv som heldt og stilte spørsmålet om kvifor vi feirer 17. mai i fellesskap. Han svara slik: - Vi bør feire fordi vi treng ein sunn og historisk sjølvbevisst nasjonalisme som er djupt forankra i den minste tettstad i landet - også Uskedalen.

Lakselv meiner at røttene til denne dagen trass i alt ikkje er så djupe og difor bør dei sikrast.

Både skulemusikken og Røysterett for alle tok del i festprogrammet og ga det ei vakker ramme.

Av Ola Matti Mathisen